



Meland kommune

Dato: 16.10.2017

Vår ref.: 2014/776-3

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 – 2019 på deltema parkeringsplassar, rastepllassar og utsiktspunkt

Viser til deltema som er lagt ut for høyring med frist 16. oktober 2017

Hordaland fylkeskommune er positiv til at planen for idrett, folkehelse og friluftsliv vert rullert basert på deltema etter trond og aktualitet. Utfordringa med parkering knytt til friluftsliv er i høgste grad eit reellt problem mange stader og ei veksande utfordring. Meland kommune møter dette med ei grundig saksutgreiing der ulike område er peika ut og gradert. Det same er gjort med utsiktspunkt og rastepllassar, noko som gjer eit godt grunnlag for lokalt politisk nivå som skal handsame saka.

Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert lagt opp til grundig behovsprøving og brei medverknad i prosessane med dette arbeidet. Eit godt samarbeid med brukarane, grunneigarane, vegvesenet m.fl. vil gje dei beste løysingane, og det vert oppmoda til at behovsprøving og medverknad vert gjennomgåande for arbeidet vidare.

Mellombelse, eller sesongbaserte, løysingar kan vere aktuelt. Slike som ein ser døme på ved Gullbotn i Samnanger, der fartsgrensa vert sett mellombels ned når det er stor pågang i skiløypene og mange parkerte bilar langs vegen.

Hordaland fylkeskommunen ser at det i saka er peika på at det er få moglegheiter for tilskot til slike prosjekt. Det er vesentleg at aktørane er informert om dei økonomiske rammene.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet – og med gjennomføringa av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 – 2019 i Meland kommune.

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

